



STATUTTAR FOR KULTURPRIS I ULSTEIN

(endra i Ulstein kommunestyre 21.11.2013)

1. Namnet på prisen er **Kulturpris for Ulstein kommune**.
2. Kulturprisen er eit samarbeid mellom Ulstein kommune, Nordea Ulsteinvik og Sparebanken Møre Ulsteinvik. Prisen er på kr 20.000,-
3. Føremålet med prisen er å fremje utviklinga av kulturarbeid i Ulstein.
4. Levekårsutvalet i Ulstein deler ut kulturpris eller kulturstipend kvart år, f.o.m. 1987.
5. Kulturprisen kan gjevast til einskildpersonar eller gruppe av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i kommunen og som har vist (vedvarande) evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege.

I tilfelle kulturarbeidet til vedkomande har kome, eller kjem særskilt Ulstein kommune til gode, og elles fell inn under dei føresetnadar som er nemnt ovanfor, kan prisen også tildelast kandidatar som ikkje er busette i Ulstein kommune.

Kulturprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar. Personar som er tilsett av det offentlege for å drive kulturarbeid eller kulturvern kan ikkje få kulturstipendet for dette arbeidet.

6. Kulturkontoret i Ulstein syter for å gjere prisen kjend og fastset fristen for innsending av framlegg til kandidatar. Med minst 1 – ein – månad varsel skal kulturkontoret kunngjere fristen i pressa.
7. Framlegg til kandidatar til kulturprisen kan fremjast av einskildpersonar, lag og organisasjonar, og skal vere skriftlege, helst med grunngjeving av framlegget. Levekårsutvalet kan vurdere andre kandidatar enn dei det er kome framlegg om.
8. Levekårsutvalet i Ulstein gjer vedtak om prisen skal utdelast, kva tid den skal utdelast, kven som skal få prisen, storleiken på prisen, og – i tilfelle deling – kor stor del kvar skal få. Den/dei som får prisen vert også tildelt ein diplom i kunstnarisk utforming.

Det skal ikkje knytast særskilte vilkår til korleis mottakaren nyttar prisen.

9. Vedtaket i Levekårsutvalet blir gjort med vanleg fleirtal. Kandidatane og utfallet av røystinga mellom kandidatane i Levekårsutvalet skal ikkje offentleggjerast. Levekårsutvalet skal grunngje vedtaket for tildeling av kulturprisen.

Ulsteinvik 21.11.2013